

Søknad om løyve til prøvetøkt i Solund og Gulen for vurdering av skjelsandførekomstar

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

Det blir gjeve løyve til Roslagen AS til gjennomføring av prøvetøkt med MS "Sjøtroll" for undersøking av skjelsand ved grabbeforsøk i kommunane Solund og Gulen i løpet av 2007. Før toktet blir sett i gang, skal det ligge føre toktplan og undersøkingsprosedyre der det blir stilt krav om rapportering til fylkeskommunen.

Prenta vedlegg:

Søknad frå Roslagen AS

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Det ligg føre søknad frå ROSLAGEN AS, Apalen, 5915 Hjelmås i Lindås, om løyve til prøvetokt i Solund og Gulen i 2007 med tanke på å vurdera kommersielle mogelege førekomster av skjelsand. Søknaden skal handsamast i medhald av **Kontinentalsokkelova**; Lov av 21. juni 1963, nr. 12. "Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumsforekomster."

2. BAKGRUNN

Retten til slike undersjøiske naturforekomster, utanfor marbakken, tilhøyrer staten. I medhald av §2 i lova kan Kongen ved føresegner gje fylkeskommunen pålegg om å forvalte lova i høve naturressursar av type skjelsand, sand og grus. Slike føresegner ligg føre datert 1.4.1993. I medhald av rundskrivet, gjeld fullmakta førekomstar på havbotnen i indre norsk farvatn, norsk sjøterritorium og den del av kontinentalsokkelen som ligg til norsk "statshøyhet". Det vil i praksis sei ut til midtlinja i Nordsjøen.

Fylkestinget har delegert avgjerdsrett etter kontinentalsokkelova til Hovudutval for Plan og Næring, jfr. FT sak 26/04.

Historikk - tidlegare vedtak

I Sogn og Fjordane eksisterer det for tida ein konsesjonshavar på skjelsand. Det er Emperor Maritime AS, 5291 Valestrandfossen i Osterøy kommune. Konsesjonen gjeld opptak av skjelsand ved Hamnen på Værlandet og nord for Atløy i Askvoll samt opptak av skjelsand vest av Kalvåg i Bremanger. Det er ikkje rapportert om aktivitet i opptaksområda i løpet av 2006.

Det kan sjå ut som om næringa ikkje er fortruleg med om det verkeleg finns tilstrekkelege mengder med skjelsand i dei områda som tidlegare er kartlagde. Det vil sei at aktørane vegrar seg noko med å melde inn søknader om løyve til opptak, før dei sjølve er overbeviste om at førekomstane har tilstrekkeleg volum og kvalitet. Vi har døme på at det er gjeve konsesjon, utan at operatøren har funne det tenleg å setje i gang drift.

Det er ein marknad for skjelsand i Sogn og Fjordane. M.a. blir det levert skjelsand frå båt til fleire mottaksstasjonar. I hovudsak blir skjelsanden brukt som kalkingsmiddel, men også som jordforbetringstiltak. I dei seinare åra er skjelsand også brukt til "sanding" av badestrender. Leverandørane er utan unnatak, som vi veit om, heimehøyrande i Hordaland. Hordaland har eit større miljø for skjelsandopptak enn det som eksisterer i Sogn og Fjordane.

Med dette som bakteppe er det reist spørsmål med ønskje om å gjera undersøkingar av skjelsand med basis i entreprenørane sine eigne fartøy og eigne reiskap.

3. VURDERING OG KONSEKVENSA

Firma Roslagen AS, med adresse Hjelmås i Lindås har ved Karl – Jan Erstad i Rådgivande Agronomar AS levert inn søknad om undersøkingar av skjelsandførekomster. Det er søkt om eit prøvetakingstokt i lokalitetar i Solund og Gulen kommunar.

Det er kartlagd ei rekkje førekomstar i fylket, men kvaliteten på desse, djupne og volum er meir usikre. På mange førekomstar der reiarlag har søkt om og fått konsesjon utan nærare undersøkingar, har det ofte vist seg at skjelsanden var eit vonbrot.

Roslagen AS er den største leverandøren av skjelsand til Sogn og Fjordane i dag. I 2006 blei det levert 2.180 m³ skjelsand, for det meste til Ytre Sogn, Bygstad i Sunnfjord og Norddalsfjord i Flora. Selskapet har ingen konsesjon for opptak i Sogn og Fjordane. Det betyr at skjelsand til bruk i vårt fylke blir transportert opp frå Hordaland, noko som er fordyrande for kundane.

Det blir derfor søkt om løyve til undersøkingar etter sjelsand i Solund og Gulen. Prøvetoktet vil bli avvikla i løpet av første halvår 2007. Reiarlaget vil nytte fartøyet MS " Sjøtroll " som leitefartøy.

Fartøyet skal ta grabbeprøver med sikte på å studere kvalitet og estimere volum. Det skal først loggbok under toktet og det skal rapporterast til fylkeskommunen.

Roslagen AS ved konsulentfirma Rådgivande Agronomar vil sette opp plan for prøvetokt, før toktet blir sett igang.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Det ligg føre ei omfattande prosedyre som gjeld konsesjonshandsaming av løyve til opptak eller drift på skjelsand. Når det gjeld sakshandsaming ved søknad om løyve til undersøkingar av skjelsand, sand og grus på havbotnen er det lite å hente frå rundskriv.

I denne saka, der det berre er tale om eit enkelt prøvetokt, vurderer vi det slik at det er høve å nytta ei enkel sakshandsaming. Eit løyve til undersøkingar vil berre gjelde for eitt tokt i løpet av 2007.

Fylkesdirektøren vil derfor rå til at det blir gjeve eit einskild løyve til Roslagen AS til prøvetokt for undersøking av skjelsand i kommunane Solund og Gulen i løpet av 2007. Før toktet blir sett i gang, skal det ligge føre toktplan, undersøkingsprosedyre og det vil bli stilt krav om rapportering til fylkeskommunen.